

Viser til digitalt innsendt høyringssvar frå Fitjar kommune, datert 26.09.2019.

Etter handsaming av uttalen i kommunestyret 02.10.2019, vart uttalen endra slik: (pkt 6 vart stroke)

Fitjar kommune gjev følgjande høyringsuttale til NVE sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft.

1. Fitjar kommune meiner at dei internasjonale klimautfordringane er så omfattande at Noreg må nytta sine fornybare energifortrinn som hav, vatn og vind, for å klare overgangen til lågutsleppsamfunnet. Overgangen til fornybare energikjelder vil krevja konvensjonelle utbyggingar som kan vere konfliktfylte i høve ulike omsyn. Parallelt med dette må vi byggje ut anlegg for å utvikle ny teknologi for framtidige løysingar, t.d. havvindmøller. Fitjar kommune vil både som tenesteleverandør og som samfunnsutviklar ta eit klart og konkret framtidsretta klimaansvar.
2. Fitjar kommune meiner at "nasjonal ramme for vindkraft" gjev eit god fagleg grunnlag og prioriteringsstøtte for vurdering av vidare utbygging av vindkraft på land i Noreg, men i tråd med FN sin rapport om naturmangfald og arealbruk må urørt natur, og natur som regionalt viktig friluftsområde i tråd med folkehelselova, vektast mykje sterkare i utgreiingane.
3. Fitjar kommune meiner at kommunestyra sine vedtak som høyringsinstans må tilleggjast svært stor vekt, og berre der det er konkrete nasjonale interesser som må ivaretakast, bør ein kunne vurdere å fråvike kommunestyrevedtaka.
4. Lokalsamfunna og vertskommunane som gjev frå seg naturressursar og areal, må sikrast sin del av verdiskapinga av vindkraft, og teknologinøytral skattelegging må innførast straks for etablert og ny utbygging av vindparker.
5. Fitjar, og slik Stordøya, har Hordaland sin einaste vindpark med 55 vindturbinar i Midtfjellet Vindpark. Ei større utbygging i Grønafjellet eller andre stadar på Stordøya må avvisast då resten av fjellet må oppretthaldast som urørt natur - for folkehelse, naturmangfald og attraktivitet.

Vonar dette kan rettast opp i innsendt høyringssvar frå Fitjar kommune.

Med venleg helsing

Bente Fitjar

møtesekretær

Tlf: 53 45 85 45

Fitjar kommune • fitjar@fitjar.kommune.no
Tlf 53 45 85 00 • www.fitjar.kommune.no

